

Innkalling til møte i Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte 1 2025

Tidspunkt: 6. mars 2025, kl. 09.30 – 11.30

Møtested: Lektorsenteret, Christies gate 20

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra møtet 3. desember 2024

Protokollen er sendt ut.

Vedtakssaker

Sak 2/25 Regnskap 2024
Notat fra lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 3/25 Lærernes dag 2025
Muntlig orientering fra lektorsenteret

Sak 4/25 Fordelingsnøkkel ved nytt system for kompetanseutvikling
Notat fra lektorsenteret

Sak 5/25 Status praksisbesøk i pedagogikk vår 2025
Notat fra lektorsenteret

Sak 6/25 Rekruttering
Notat og muntlig orientering fra lektorsenteret

Sak 7/25 Eventuelt

Sak 2/25

Regnskap 2024
Notat fra Lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 6. mars 2025

elements: 25/69

Bakgrunn

Lektorsenteret har ifølge mandatet ansvar for å «følge ressursbruken i lektorutdanningen og rapportere til styringsgruppen». I styringsgruppens mandat ligger å «vedta budsjett for aktiviteter organisert av lektorsenteret».

I denne regnskapssaken får styringsgruppen en redegjørelse for bruken av budsjettmidlene i 2024, med utgangspunkt i budsjettvedtaket fra 14. desember 2023, sak 27/23.

Lektorsenterets tildeling for 2024 var fordelt på to hovedposter, se tabell 1 under.

Tabell 1: Budsjetttildelinger i 2024

Budsjettpost/delprosjekt	Budsjett 2024
Lektorsenter	9 689 000
Praksis PPU og lektorutdanningen	8 657 000
Totalt	18 346 000

Regnskap 2024, overordnet

Regnskapsdetaljer for delprosjektene *Lektorsenter*, *Partnerskapsmidler* og *Praksis PPU og lektorutdanningen* er vist i tabell 2, 3 og 4.

Lektorsenter, delprosjekt 103415100

Tabell 2: Regnskapstall for lektorsenteret, delprosjekt 103415100

Kontoklasse	Årsbudsjett	Regnskap	Gjenstående
3 Salgs- og driftsinntekt	kr 0	kr 50 732	-kr 50 732
5 Lønnskostnad	kr 4 907 193	kr 4 933 981	-kr 26 788
6 Annen driftskostnad	kr 2 549 020	kr 1 205 618	kr 1 343 402
7 Annen driftskostnad, fortsettelse	-kr 10 000	kr 155 307	-kr 165 307
8 Finansposter, overføringer, periodens resultat og avregninger	kr 550 000	kr 550 181	-kr 181
9 Interne transaksjoner	kr 1 692 787	kr 1 350 854	kr 341 933
Sum	kr 9 689 000	kr 8 246 673	kr 1 442 327

Lønnskostnadene (kontoklasse 5) i 2024 ble omtrent som budsjettert, med et lite overforbruk på kr 26 788. Her bokføres lønnskostnadene til de administrative stillingene ved lektorsenteret.

Under 9 interne transaksjoner bokføres interne overføringer både til og fra lektorsenteret fra andre deler av UiB. Herunder føres husleie, lønnsoverføring for de to faglige stillingene og lønnsoverføring for stillingen knyttet til Dekomp, som dekkes av tilskuddsmidler. Her føres også innkommende refusjon av utgifter som lektorsenteret har hatt til lektorutdanningskonferansen og avslutningsseremonien, og som fakultetene tilbakefører sin delkostnad til. Under interne

transaksjoner er det et underforbruk på kr 341 933. Underforbruket skyldes hovedsakelig at faglig praksiskoordinator var sykemeldt deler av året og sa opp stillingen sin.

Slår vi sammen kontoklasse 6 og 7, som begge omhandler driftskostnader, får vi et underforbruk på kr 1 178 095. Utgiftene som er kostnadsført på 6 og 7 omfatter driftsmidler for lektorsenteret, kostnader ved *Lærernes dag* og *Fellesaktiviteter* i lektorutdanningen (se budsjett 2024).

Underforbruket er hovedsakelig knyttet til budsjettposten som heter *Partnerskap i lærerutdanningen* i vedtatt budsjett for 2024. Dette er midler (ca. 1,1 mill. kr årlig fra 2024) som tildeles direkte i budsjetttrammen til UiB, og som skal bidra til å videreføre partnerskap og annet arbeid med kvalitetsutvikling i lærerutdanning. Underforbruket henger sammen med sykemelding og etter hvert permisjon fra den ene av stillingene ved lektorsenteret. I denne situasjonen var det en usikkerhet som gjorde at planer for bruk av partnerskapsmidler ble satt på vent. Midlene var tenkt brukt til å dekke en videreføring av delte stillinger/partnerskapsstillinger knyttet til utvikling av praksisordningen, kostnader ved tiltak for universitetsskolesamarbeid, og til såkornsmidler/insentivmidler for fagmiljø i lektorutdanningen til samarbeidsprosjekt med praksisskoler knyttet til praksissamarbeid, FOU, m.m.

Partnerskapsmidler, delprosjekt 103625100

Tabell 3: Regnskapstall for partnerskapsmidler, delprosjekt 103625100

Kontoklasse	Årsbudsjett	Regnskap	Gjenstående
5 Lønnskostnad	kr 507 284	kr 393 799	kr 113 485
6 Annen driftskostnad	kr 293 716	kr 4 597	kr 289 119
7 Annen driftskostnad, fortsettelse	kr 0	kr 10 216	-kr 10 216
Sum	kr 801 000	kr 408 612	kr 392 388

Lektorsenteret forvalter også den nasjonale, øremerkete tildelingen *Partnerskap i lærerutdanningen*, som ble tildelt over statsbudsjettet frem til 2023. Regnskapstallene for 2024 viser at det gjenstår kr 392 388 av denne øremerkete tildelingen. Fra 2024 tildeles disse midlene direkte i budsjetttrammen til UiB, jfr. kommentar over.

Partnerskapsmidlene har blitt brukt til lønnsmidler for fire 25 % partnerskapsstillinger fra mai/juni 2023. Stillingene hadde varighet ut juni 2024 og kostnader for dette er bokført i 2024.

Underforbruket henger sammen med uforutsette personalmessige hendelser, jfr. forklaring over.

Praksisbudsjettet, delprosjekt 103663100

Tabell 4: Regnskapstall for praksisbudsjettet, delprosjekt 103663100

Kontoklasse	Årsbudsjett	Regnskap	Gjenstående
5 Lønnskostnad	kr 0	kr 45 443	-kr 45 443
6 Annen driftskostnad	kr 8 407 000	kr 7 410 924	kr 996 076
7 Annen driftskostnad, fortsettelse	kr 250 000	kr 132 108	kr 117 892
Sum	kr 8 657 000	kr 7 588 475	kr 1 068 525

Praksisbudsjettet dekker kostnader til dekning av praksisplasser i skolen, reiseutgifter for studenter i praksis og utgifter til såkalte temaseminar. Regnskapstallene for 2024 viser et underforbruk på kr 1 068 525. Dette skyldes primært at det var noe færre lektorstudenter i praksis i 2024 enn året før.

Fellesaktiviteter i lektorutdanningen

Tabell 5 viser regnskap for utvalgte budsjettposter fra vedtatt budsjett for 2024. Det kan ikke tas ut regnskapsrapporter på dette nivået. Siden det likevel kan være nyttig for styringsgruppen å se ressursbruken knyttet til planlagte fellesaktiviteter, er det gjort et manuelt arbeid med å sammenfatte kostnader for sentrale fellesaktiviteter for lektorutdanningen i 2024. Tallene er avrundet og må forstås som veiledende for enkelte av postene.

Tabell 5: Husleie og fellesaktiviteter i lektorutdanningen

	Budsjett for 2024	Regnskap for 2024 (avrundet)
Husleie	800 000	817 000
Fellesaktiviteter for lektorutdanningen		
Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL)	52 000	52 000
Avslutningsseremoni	110 000	100 000
Lektorutdanningskonferansen	250 000	361 000
Rekruttering 5LU og PPU	200 000	51 000
Arrangement og møteplasser	230 000	130 000
Lærernes dag	1 000 000	600 000

Husleie for 2024 er kostnadsført med kr 816 600.

Tildelingen til *Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL)* skal dekke utgifter til drift av FIL og til aktiviteter som er mest mulig åpne og inkluderende for alle lektorstudenter. FIL leverer regnskap til lektorsenteret ved årsslutt.

Avslutningsseremonien gikk litt under budsjett. Seremonien er et spleiselag mellom fakultetene (HF, SV, MN og PF). Kostnadene fordeles etter følgende fordelingsnøkkel: HF 30 %, NT 30%, PS 30 % og SV 10 %.

Lektorutdanningskonferansen ble arrangert på Solstrand Hotel og Bad 14.-15. februar 2024. Konferansen gikk ca. kr 110 000 over budsjett på grunn av rekordstor deltakelse. I tillegg var budsjettet redusert med 50 000 fra året før. Utgiftene er summert til kr 361 438. Summen inkluderer opphold, mat og drikk, buss t/r Bergen, reiseutgifter og gaver til inviterte innledere. Kostnadene fordeles etter nøkkelen 22 % av totalkostnadene på hver av enhetene HF, PF, MN, LS og 12 % for SV. Lektorsenteret har kun bedt om refusjon av utgifter innenfor budsjettrammen og dekker de overskytende kostnadene i 2024.

Rekruttering

Det er kostnadsført ca. kr 51 000 som er brukt til rekrutteringskampanjer i sosiale medier i 2024. Lønn og mobil til studentambassadør kommer i tillegg.

Arrangement og møteplasser: Å skape møteplasser i lektorutdanningen er en prioritert oppgave for lektorsenteret. I 2024 ble det brukt ca. kr 130 000 på dette. Lektorsenteret arrangerte blant annet en dagskonferanse 14. november 2024 for å markere 20-årsjubileet for UiB sitt femårige lektorutdanningsprogram. Temaet for konferansen var de strategiske utfordringene ved å drive en universitetsbasert lektorutdanning i skjæringspunktet mellom fag, profesjon og praksis.

Ekstern fagfellesamling fant sted 5.-6. november 2024. Fellesprogrammet ble gjennomført 5. november og utgiftene knytter seg til lunsj og middag for fagfellene og deltakere fra fakultetenes lektorprogram.

Andre tiltak som ble iverksatt i 2024 for å skape fellesarenaer mellom ulike aktører i lektorutdanningen:

- Lektorlunsj for ansatte og studenter: 2. mai og 3. oktober.
- Seminar for lektorutdanningsadministrasjonen (LUA): 22.-23. april og 23.-24. oktober.
- Studiestart for lektor- og PPU-studenter/mentorgrupper: 12. og 13. august

Lærernes dag ble gjennomført som et fysisk arrangement på campus i januar 2024. De bokførte kostnadene dekker utgifter til ekstern arrangementsstøtte fra Kulturoperatørene (kr 456 000), samt kaffe fra Sammen Mat og Drikke og lønn til studentmedarbeidere som bisto med det praktiske.

Framlegg til vedtak:

Styringsgruppen tar regnskapet til orientering.

Sak 4/25

**Fordelingsnøkkel ved nytt system for
kompetanseutvikling**

Notat fra lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 6. mars 2025

elements: 25/69

Videreutdanning for lærere har siden 2015 i stor grad vært knyttet til den nasjonale strategien *Kompetanse for kvalitet*, som varer ut 2025. Regjeringen innfører nå et nytt system for kompetanseutvikling for lærere, som fases inn i 2025 og 2026. Forvaltningen av midler knyttet til utvikling og finansiering av videreutdanningstilbud rettet mot lærere blir endret fra anbudskonkurranser (gjennom Utdanningsdirektoratet) til øremerkede bevilgninger i årlige tildelingsbrev til utdanningsinstitusjonene.

Studieåret 2024-2025 har UiB seks studietilbud (med et omfang på 30 studiepoeng) som er opprettet spesifikt for *Kompetanse for kvalitet* og finansiert gjennom avtaler med Utdanningsdirektoratet:

- Norsk 1
- Fransk 1
- Spansk 1
- Matematikk 1
- Matematikk 2
- Veilederutdanning for lærere

2025 blir et overgangsår, inntil ny ordning trer i kraft høsten 2026. Endringene for 2025 får en halvårsvirkning fra høsten 2025. For høsten 2025 blir videreutdanningsmidlene fordelt mellom utdanningsinstitusjoner med lærerutdanning med en tilsvarende andel som høsten 2024.

UiB har blitt tildelt 3 606 000 kroner for å utvikle og tilby videreutdanning for lærere, jfr. tildelingsbrevet for 2025. Det er 572 000 kroner mindre enn UiB fikk fra Utdanningsdirektoratet for høsten 2024.

Universitetsledelsen vedtok fordeling av videreutdanningsmidlene 13. januar 2025. Den øremerkede bevilgningen for høsten 2025 (kr 3 606 000) fordeles mellom de fire instituttene som har studietilbud i 2024-2025 som er opprettet spesifikt for *Kompetanse for kvalitet*. Instituttene tildeles samme prosentandel av den totale øremerkede bevilgningen for høsten 2025 som de fikk av den totale bevilgningen fra Utdanningsdirektoratet for høsten 2024. Den vedtatte fordelingen mellom de fire instituttene ser slik ut:

Institutt	Tildeling høst 2025
Institutt for fremmedspråk	kr 1 130 000
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	kr 610 000
Matematisk institutt	kr 1 270 000
Institutt for pedagogikk	kr 596 000
	kr 3 606 000

Prinsipper og føringer for tildeling av midler fra høsten 2026

Det er fortsatt mye som er uklart når det gjelder innretningen på det nye systemet, og hvilke prinsipper og føringer som vil ligge til grunn for tildeling av midler fra høsten 2026. Det pågår et arbeid i departementet med å utvikle retningslinjer for dette. KD har oppgitt følgende forslag til prinsipper og eventuelle føringer for fordeling av midler/tilbud fra høsten 2026:

1. Bredde og variasjon i videreutdanningstilbudet
2. Nasjonale tilbud i «små» fag
3. Tilbud i de «store» fagene
4. Regionale videreutdanningspakker
5. Målgrupper
6. Organisering
7. Omfang
8. Dialog med barnehage- og skoleeier
9. Opptakskrav
10. Samarbeid mellom institusjonene for å sikre helhet og sammenheng

På bakgrunn av behandling i ekstraordinært enhetsmøte i UHR-Lærerutdanning 21. januar (sak 25/02) ga UHR-Lærerutdanning mulighet for å komme med skriftlige innspill på prinsippene og forslag til modeller for fordeling av øremerkede midler til videreutdanning av lærere i barnehage og skole. Frist for innspill var torsdag 6. februar. UiB v/lektorsenteret leverte et innspill, som er vedlagt saken). På grunn av kort frist ble det ingen bred høringsrunde internt ved UiB, men innspillet ble forankret hos prorektor og visedekanene for utdanning ved fakultetene som tilbyr videreutdanning for lærere. Mottatte innspill fra UHR-Lærerutdanning foreligger her: [Ny modell for videreutdanning - Innspill - Universitets- og høgskolerådet](#)

Innspel frå Universitetet i Bergen (UiB) til UHR-lærarutdanning: Prinsipp, føringar og modellar for fordeling av midlar til skuleretta vidareutdanning for lærarar

Vi viser til e-post frå UHR-lærarutdanning av 23.01.2025, og takkar for høvet til å gi innspel til oppfølging av sak 25/02 frå UHR-LU-møtet 21.01.2025.

UiBs strategi (2023–2030) har ein tydeleg ambisjon om å styrkje UiB som arena for livslang læring og å vidareutvikle forskingsbaserte, fleksible etter- og vidareutdanningstilbod i samsvar med UiBs profil. Vidareutdanningsstudentar utgjer ein aukande del av UiBs studentmasse, og vi har hatt solid vekst på området dei siste åra. Når det gjeld lærarutdanning, tilbyr UiB femårig lektorprogram og eittårig PPU, i tillegg til erfaringsbasert masterutdanning for lærarar. Vi har ei brei portefølje av lærarutdanningsfag som både dekkjer store skulefag som norsk, matematikk og engelsk, og mindre fag som bl.a. tysk, fransk, spansk og norsk som andrespråk. [DIGI-emna](#) ved UiB har også etablert seg som eit populært vidareutdanningstilbod for lærarar. DIGI-emnepakken består av små, fleksible vidareutdanningsemne med eit omfang på 2,5 studiepoeng, som dekker ulike aspekt av digital forståing, kunnskap og kompetanse.

Innspela våre er formulerte nedanfor, og vi følgjer disposisjonen frå innspelsteksten.

Høyringstema 1: Prinsipp og føringar for fordeling av midlar

- 1) Vi vil leggje vekt på prinsipp 1, 2 og 12 (bredde og variasjon i vidareutdanningstilbodet, nasjonale tilbod i «små» fag og at vidareutdanningstilboda sjåast i samanheng med etterutdanning og partnerskap). Vi har vidare som føresetnad at prinsipp 11 (at vidareutdanningane skal være forskingsbaserte) er underliggjande for all aktivitet ved universitet og høgskular.
- 2) Vi ser det som problematisk å leggje vekt på prinsipp 14. Dei nasjonale sentra for utdanning har ei nyttig oppgåve i å utvikle kvaliteten på opplæringa, men har ikkje ansvar for å drive lærarutdanning. Vektlegging av nasjonale senter vil såleis bryte med overordna intensjonar om å styrkje partnerskap mellom lærarutdanninga og praksisfeltet. Det er vidare problematisk dersom nasjonale senter skal konkurrere med lærarutdanningsinstitusjonane.

Det bør kommenterast at det er uklart kva som vil vere implikasjonane av dei ulike prinsippa når midlane skal fordelast. Kva betyr det for fordelinga av midlar hausten 2026 at «målgrupper» og «organisering» er lista opp som prinsipp? Det er ikkje mogleg å lese ut av dokumentet.

Høyringstema 2: Vurdering av modell 1

- 4) Modell 1 betyr at dei institusjonane som har arbeidd systematisk med skuleretta etter- og vidareutdanning, vil nyte godt av det også i framtida. Modellen betyr at det ikkje vil vere behov for radikale endringar med tanke på organisering.
- 5) Modellen er problematisk med tanke på behovet for endringar tilpassa nye behov og nye tendensar i skulen og samfunnet. Modellen er statisk og konserverer eksisterande ordning. Det bidreg ikkje til å fremje nye prosjekt og innovasjonar i samsvar med prinsippa som er formulerte. Å ta utgangspunkt i berre eitt spesifikt semester og år har dessutan eit element av tilfeldigeheiter og dermed urettvise ved seg.

Høyringstema 3: Vurdering av modell 2

- 6) Kombinasjonsmodellen bevarer element i den eksisterande organiseringa og økonomien, og bidreg på den måten til trygg og langsiktig satsing ved institusjonane, samtidig som det er ei opning for nyskaping og andre målsetnader, i tråd med endra behov og endra utvikling.

- 7) Den modell 2 som er presentert her, består egentleg av tre ulike undermodellar (B1, B2 og B3). Det hadde vore føremålstenleg å ha greidd ut implikasjonane av kvar undermodell, også av ein mogleg fjerde modell (B4) der kvalitet og originalitet knytt til nye prosjekt vart vektlagt.

Høyringstema 4: Vurdering av modell 3

- 9) Modell 3 kan gi tilfeldige utslag med tanke på overordna prinsipp om breidde og variasjon, nasjonale tilbod i små fag, målgrupper, etc.

Høyringstema 5: Foreløpig vurdering av modellane

- 10) Vi vil foretrekkje modell 2, og vi støttar oss på den argumentasjonen som kjem til uttrykk i innspelsdokumentet frå UHR-LU. Dei tre undermodellane i modell 2 (B1-3) er vanskeleg å vurdere opp mot kvarandre, men vi vil foretrekkje modell B2 (altså at 30 % av total tildeling til vidareutdanning fordelast relativt etter tal uteksaminerte kandidatar på grunnutdanning og vidareutdanning i kombinasjon med at alle lærarutdanningsinstitusjonar sikrast eit visst minimum til vidareutdanning). Men her meiner UiB at ein bør opne for fagleg kvalitet og nasjonal arbeidsdeling som element også.
- 11) Både modell 1 og modell 3 ser vi på som uaktuelle. Modell 1 er uheldig fordi den sedimenterer dagens ordning med dei konsekvensane det har for breidde, variasjon, nye behov og vidareutvikling av partnerskap. Tilsvarende er vi kritiske til modell 3 fordi den også vil kunne gi tilfeldige utslag med tanke på dei overordna prinsippa.

Sak 5/25

Status praksisbesøk i pedagogikk vår 2025

Notat fra lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 6. mars 2025

elements: 25/69

Bakgrunnsdokument:

- E-post frå Det psykologiske fakultet om at det ikkje blir gjennomført praksisbesøk våren 2025, 13.12.24 – vedlegg 1
- [Sak 1/25 Praksisbesøk i pedagogikk våren 2025](#), sirkulasjonssak til styringsgruppa, 22.01.25
- Innspel frå Det samfunnsvitskapelege fakultet, 24.01.25 – vedlegg 2
- Innspel frå Det humanistiske fakultet, 29.01.25 – vedlegg 3
- Innspel frå Fakultet for naturvitskap og teknologi, 29.01.25 – vedlegg 4

Bakgrunn

Det psykologiske fakultet gav i e-post datert 13. desember 2024 melding til lektorsenteret om at det ikkje kom til å bli gjennomført ordinære praksisbesøk frå pedagogar på lektorprogramma våren 2025 (jf. vedlegg). Det vart vist til den vanskelege økonomiske situasjonen ved fakultetet, og at fakultetet måtte gjere omprioriteringar for å få undervisinga på ulike studieprogram til å gå rundt. Av den grunn var det ikkje bemanningskapasitet til praksisbesøk. Fakultetet presiserte samtidig at Institutt for pedagogikk ville stille med pedagog i visse unntakstilfelle, og at praksisbesøka ville gå som normalt i PPU-programmet.

Etter initiativ frå lektorsenteret vart det 14. januar 2025 arrangert eit dialogmøte om saka mellom lektorsenteret og leiinga ved Det psykologiske fakultet og Institutt for pedagogikk, utan at det endra på utfallet av saka.

Sidan saka hadde prinsipielle, praktiske, ressursmessige og potensielt omdømemessige implikasjonar for lektorutanninga som heilskap, vart fakultetsmedlemene i styringsgruppa orientert gjennom sirkulasjonssak (1/25), og fekk i den samanhengen høve til å gi innspel i saka. Innspela er vedlagt saka.

Saka var òg diskusjonssak på møtet i felles programstyre 5. februar 2025.

Bakgrunn: Ordninga med praksisbesøk

Eit praksisbesøk inneber at ein fagleg tilsett ved UiB etter avtale har individuell oppfølging av ein lektorstudent (evt. to), med samtale, observasjon og rettleiing etter ein spesifikk mal.

Praksisrettleiaren på skulen er involvert og deltek undervegs.

Ordninga med praksisbesøk er nasjonalt knytt til krav og målformuleringar i styringsdokument som forskrift om rammeplan for lektorutdanning 8–13, nasjonale retningslinjer for lektorutdanning og forskrift om skikkethet.

Praksisbesøk er på den eine sida eit verktøy for å vurdere om studenten har oppnådd dei nødvendige kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse for å kunne få godkjent praksis, dvs. praksisbesøka inngår i sluttvurderinga av praksis. Dei er også viktige for skikkavurderinga av studentane. UiB er pålagt å vurdere både studentane sine kvalifikasjonar og om dei er skissa til å vere lærarar, og det er UiB som har ansvaret for vurderinga.

På den andre sida har praksisbesøka ein formativ funksjon: Som del av undervegsvurderinga av kandidatane skal praksisopplæringa vere ein integrert del av opplæringa, og skal brukast til å fremje læring og ferdigheiter, auke den samla kompetansen og bidra til meir tilpassa opplæring. Gjennom førsamtale, observasjon og rettleiingssamtale skal studenten få rettleiing som kan gi studenten auka læringsutbytte.

Den formative og integrerande funksjonen til praksis blir poengtert i forskrift om rammeplan for lektorutdanning der det heiter at praksisopplæringa skal «være en integrert del av utdanningen». Dette blir det òg lagt vekt på i styringsdokument knytte til lektorutdanninga ved UiB, med mål om å styrkje samanhengen mellom praksisopplæringa og undervisinga i pedagogikk, fagdidaktikk og disiplinlag.

Med utgangspunkt i desse målsetnadene skal praksisbesøka bidra til at studentane får oppleve samheng mellom elementa i lektorutdanninga. Det same er meint å gjelde for fagleg tilsette i lektorutdanninga: Ved praksisbesøk får tilsette ved UiB innsikt i korleis studenten operasjonaliserer fagleg og profesjonsmessig kompetanse. Det skal gi grunnlag for å vurdere effektar av eiga undervisning, fange opp signal og generelt styrkje kontakten mellom skulane og UiB, i tillegg til at det er ein måte å halde seg oppdatert om livet i klasserommet på.

Generelt er praksisbesøk rekna som ein del av den måten UiB held ved like kontakten med skulane på, og det kan bidra til å gjere både studiefaga og praksisopplæringa betre. Ein føresetnad for at det skal skje, er at dei som gjer praksisbesøka, òg har ei tett tilknytning til fagmiljøa ved UiB.

Direkte effekt av unntaksordninga våren 2025

Det er ved UiB etablert ei fordeling av praksisbesøk på følgjande måte: 1/4 av praksisbesøka blir gjort av pedagogikk og 3/4 blir gjort av fagdidaktikk. Fagdidaktikkbesøka blir vidare fordelt på fag 1 og fag 2 over to semester, dvs. på ungdomsskule og vidaregåande skule. Med utgangspunkt i denne fordelinga vil alle studentar normalt få minst eitt praksisbesøk av ein pedagog i løpet av studietida.

Ein effekt av den unntaksordninga som vil gjelde for våren 2025, er at halvparten av dei rundt 120 studentane i kullet ikkje vil få praksisbesøk av pedagog.

Det vil dessutan ikkje bli praksisbesøk i begge fag for alle studentar. Ein del studentar vil ikkje få besøk i anten fag 1 eller fag 2, t.d. norsk, historie, matematikk, sosiologi.

Ein tredje effekt vil vere at det blir ulik besøksordning for ulike studentar, sidan nokre får to besøk våren 2025, andre får eitt besøk.

Når det gjeld dei faglege verknadene, viser Det psykologiske fakultet til at studentane har hatt fagleg oppfølging i pedagogikk over eit langt tidsspenn. Sidan studentane vil få besøk av minst éin fagdidaktikar våren 2025, er det fakultetet si vurdering at praksisoppfølginga er teken godt nok vare på. Slik fakultetet ser det, vil andre innsparringstiltak som å kutte seminarundervisning eller rettleiing ved kampus, i større grad påverke studiekvaliteten negativt. Fakultetet byggjer her på vurderingar som er gjorde av fagmiljøet ved Institutt for pedagogikk.

Det har kome til uttrykk meir kritiske syn på dei faglege konsekvensane av unntaksordninga, bl.a. i diskusjonar i programstyret for lektorutdanning. Generelt må dei faglege verdiane av praksisbesøk vurderast i ein større samheng. Dersom vi avgrensar fokuset til å gjelde det formelle og juridiske, er det likevel tilstrekkeleg med eitt praksisbesøk.

Innspelsrunde i styringsgruppa

I samband med sirkulasjonssak 1/25 fekk, som nemnt ovanfor, fakultetsmedlemene i styringsgruppa høve til å kome med innspel i saka. Det kom inn svar frå HF-fakultetet, NT-fakultetet og SV-fakultetet.

HF-fakultetet stiller seg open for å diskutere praksisordningar og praksisoppfølging av studentar. Samtidig er fakultetet kritisk til framgangsmåten til PF i denne saka, bl.a. ved at andre fakultet ikkje er tekne med på råd. Fakultetet meiner at framgangsmåten kan bidra til å undergrave styringsstrukturane i lektorutdanninga. Det blir vidare peikt på at andre fakultet har økonomiske utfordringar. I følge HF burde dei økonomiske belastningane knytt til praksisoppfølging bli vurdert samla. HF er vidare uroleg for dei faglege konsekvensane av å ta vekk meir av den pedagogiske praksisoppfølginga. HF peikar dessutan på at denne saka har skapt uvisse i lektorutdanninga.

NT-fakultetet er også open for å drøfte ordninga med praksisbesøk, men ønskjer at drøftingar skal gjerast i samarbeid mellom fakultet, sidan endringar påverkar studiekvaliteten på tvers av fakultetsprogram. Det blir peikt på at unntaksordninga våren 2025 vil falle uheldig ut for studentane, fordi dei får ulik oppfølging.

SV-fakultetet meiner at praksisbesøk er viktig for studiekvalitet, samtidig som det er ressurskrevjande. SV er også i ein krevjande ressursituasjon, og det er uheldig at eitt fakultet trekkjer seg ut av praksisbesøksordninga, utan å konferere med andre. SV foreslår ein gjennomgang av kor mykje ressursar som er sett av til praksisoppfølging, kor mykje som skal brukast og kor mykje som blir brukt.

Generelt er såleis fakulteta kritiske til måten PF har handtert denne saka på, og det blir peikt på at handlinga har implikasjonar for andre fakultet og for lektorutdanninga som heilskap. Det er vidare interesse for å sjå nærmare på praksisbesøksordninga, særleg ut frå ressursituasjonen, og med tanke på kva slags ressursar og ressursbruk som generelt er knytt til praksisoppfølginga.

Diskusjonssak i programstyret

Felles programstyre hadde saka oppe som diskusjonssak i møte 5. februar 2025 (sak 04/25). Det kom i diskusjonen fram kritikk av framgangsmåten til PF. Fleire uttrykte redsle for at saka kunne skape presedens i andre spørsmål. Det vart framheva at saka synleggjorde utfordringar med ei utdanning som var tverrfakultær, men der ressursane var knytt til fakulteta.

I diskusjonen vart det framheva at det var verdifullt med praksisbesøk, på fleire måtar. Samtidig kunne det vere nyttig å gjennomgå besøksordninga, og det var ønske om at lektorsenteret skulle stå i spissen for ein slik eventuell gjennomgang. Det var framheva at ein burde leggje vekt på faglege avvegingar, og ikkje la økonomien vere einaste premissleverandør. Det vart dessutan peikt på det pågåande saksarbeidet med utvikling av gruppepraksis.

Vegen vidare i saka

Status så langt er at det ikkje blir praksisbesøk i pedagogikk i lektorprogramma, med unntak for PPU og nokre spesifikke oppdrag. Det er spesifisert at denne ordninga gjeld for våren 2025 og ikkje er meint å vere permanent.

Framgangsmåten i saka reiser ein del prinsipielle problemstillingar knytte til styrings- og organisasjonsmodellen for lektorutdanninga ved UiB. Sidan lektorutdanninga er samansett av komplekse studieprogram som går på tvers av institutt, fakultet, ulike disiplinar og program, er det behov for samhandling på tvers av institusjonelle rammer. Dette er utgangspunktet for måten lektorutdanninga er organisert ved UiB på, og det står òg sentralt som premiss i NOKUT si evaluering av lektorutdanningsprogramma. Denne saka utfordrar derimot samhandlingstanken. Erfaringane frå saka vil såleis vere relevante med tanke på at styrings- og organisasjonsmodellen for lektorutdanninga ved UiB skal evaluerast i 2025/2026.

I diskusjonane og innspela i etterkant av denne saka, har det kome fram ønske om at UiB skal sjå nærmare på den rolla praksisbesøk spelar for studiekvalitet i lektorutdanninga, både gjennom innhald, form og omfang.

Det er vidare uttrykt ønske om å sjå nærmare på dei ressursmessige sidene ved praksisbesøk og praksisoppfølginga generelt. Det handlar om fleire aspekt: Faktisk ressurstilgang, faktisk ressursbruk både samla sett og for dei einskilte fakulteta og tenkt ressursbruk ut frå ulike modellar. Talet på praksisbesøk vil vere eitt av spørsmåla som ein då må gå nærmare inn på.

Det vil vere rimeleg at det blir gjort eit utgreiingsarbeid om desse spørsmåla, og at dette blir diskutert i dei respektive fagmiljøa og fakulteta før saka kjem til styringsgruppa.

Det er rimeleg at lektorsenteret tek føre seg utgreiingsarbeidet sidan senteret har ansvar for organisering, drift, samordning og utvikling av praksis i lektorutdanninga ved UiB.

VEDLEGG 1: E-post frå Det psykologiske fakultet om at det ikkje blir gjennomført praksisbesøk våren 2025, 13.12.24

Fra: [Anne Kristin Lamo Aanstad](#)
Til: lektorsenteret@uib.no
Kopi: [Kjersti Elisabet Lea](#); [Norman Anderssen](#); [Øystein Steine Larsen](#); [Ove Christian Borge](#)
Emne: Melding til lektorsenteret - ikke praksisbesøk 5LU vår 2025
Dato: fredag 13. desember 2024 07:54:49
Vedlegg: [image001.png](#)
[image002.png](#)

Til lektorsenteret

På grunn av Det psykologiske fakultets økonomisk svært vanskelige situasjon, må vi gjøre prioriteringer for å få undervisningen på studieprogrammene til å gå rundt. For institutt for pedagogikk sin del betyr dette dessverre at det ikke er bemanningsmessig kapasitet til å gjennomføre skolebesøk fra pedagoger for 5LU-studentene våren 2025.

Vi har etter å ha rådført oss med fagmiljøet kommet fram til at det at studentene ikke får pedagogbesøk i andre langpraksis, er det tiltaket som går minst ut over kvaliteten på utdanningen. Alternativene, som å øke seminargruppestørrelsen eller kutte veiledning til studentene, vil i større grad påvirke studiekvaliteten, slik vi ser det. Studentene er inne i sitt åttende semester med lærerutdanning og har hatt faglig oppfølging over et langt tidsspenn. De har alt hatt tre perioder med kortpraksis og hadde også en langpraksisperiode i sitt syvende semester der de hadde to praksisbesøk. De vil også få praksisbesøk fra minst en fagdidaktiker våren 2025. Praksisoppfølgingen er dermed godt ivaretatt.

Institutt for pedagogikk vil kunne stille med pedagog i tilfeller der det blir rapportert om tvil vedrørende gjennomføring av praksis, men ikke ellers.

For PPU, der studentene kun er inne i et ettårsløp stiller det seg annerledes. Der vil pedagogene gjennomføre praksisbesøk som vanlig.

Vennlig hilsen

Norman Anderssen
Dekan

Anne Kristin L Aanstad
Fungerende fakultetsdirektør

VEDLEGG 2: Innspel frå Det samfunnsvitskapelege fakultet, 24.01.25

Fra: [Knut Bjarne Hidle](#)
Til: lektorsenteret@uib.no
Emne: Innspill angående orienteringssak til styringsgruppen, sak 1/25
Dato: fredag 24. januar 2025 11:59:27
Vedlegg: [image001.png](#)
[image002.png](#)
[image003.png](#)
[image004.png](#)
[image005.png](#)
[image006.png](#)

Hei,

Viser til sak 1/25 om praksisbesøk i pedagogikk våren 2025. SV-fakultetet har drøftet saken i sitt lektorutdanningsmiljø. Vårt utgangspunkt er at praksisbesøk er viktig for studiekvaliteten og for vår egen realitetsorientering. Vi erkjenner at dette er resurskrevende. I denne saken er det viktig å påpeke at ressursituasjonen er vanskelig også på SV-fakultetet og det er derfor uheldig at ett fakultet på egen hånd trekker seg ut av praksis kommende semester uten nærmere dialog med de andre aktørene i lektorutdanningen. SV-fakultetet foreslår derfor at det tas en gjennomgang sammen med alle involverte av hvor mye ressurser vi skal bruke på praksisbesøk. En eventuell nedtrapping må være gjennomtenkt og samordna. Et alternativ som vi kan se for oss er å redusere antall praksisbesøk fra 4 til 3 per student, der pedagogikk tar et besøk, og de to didaktikkfagene (fag 1 og fag 2) tar hver sitt. I tillegg kan man vurdere å besøke studenter i par i større grad. Dette er en diskusjon som bør tas siden ressursituasjonen er krevende også hos flere enn pedagogikk.

Det er vel også slik at UiB får ekstra ressurser til praksisoppfølging. Hvor kommer disse ressursene inn i et spørsmål som dette? Det hadde vært nyttig om denne saken resulterer i en oversikt over ressursene brukt til praksisoppfølgingen. Fint om saken tas opp når styringsgruppen møtes neste gang.

Med vennlig hilsen
Knut Hidle

VEDLEGG 3: Innspel frå Det humanistiske fakultet, 29.01.25

Fra: Svein Ivar Angell
Til: lektorsenteret@uib.no
Emne: Kommentar til Sak 1/25 i styringsgruppa for lektorutdanninga
Dato: onsdag 29. januar 2025 09:11:09

Kommentar til Sak 1/25 i styringsgruppa for lektorutdanninga, UiB, frå Det humanistiske fakultet

Det humanistiske fakultet (HF) takkar for høvet til å gje innspel til sak 1/25 i styringsgruppa for lektorutdanninga. Saka har utspring i eit brev frå Det psykologiske fakultet (PS) om at det ikkje er bemanningsmessig kapasitet til å gjennomføra praksisbesøk frå pedagogar for lektorstudentane våren 2025. Som saksnotatet viser til, reiser dette ei rekkje spørsmål knytt til studiekvalitet, ressursar og lektorutdanninga sitt omdømme. Det er difor avgjerande at alle medlemmer av styringsgruppa får høve til å gje innspel til saka.

HF sitt utgangspunkt er at det kan vera mange grunnar til å diskutera praksisordninga i lektorutdanninga generelt og opplegga for praksisoppfølging av den enkelte studenten meir spesielt. Som det er gjort uttrykk for i saksnotatet, er det òg i gang prosessar knytt til dette i fagleg-representative organa i lektorutdanninga, altså i det felles programstyret og i praksisutvalet. HF ønskjer ein slik diskusjon velkomen.

HF har forståing for at den økonomiske situasjonen ved PS er svært krevjande, og at ein må sjå på alle moglege tiltak for å bøta på dette. Men økonomien er krevjande for alle fakultet ved UiB. Om ein skal redusera omfanget av praksisbesøka, kunne det såleis vera naturleg å diskutera å fordela nedtaket mellom dei involverte fakulteta. Det kunne til dømes vera rimeleg med ein høvemessig reduksjon med utgangspunkt i kor stort omfanget av praksisbesøk er for didaktikarar og pedagogar samla sett. For HF sin del vil vi visa til at våre lektorprogram har ei sær stor belastning i praksisoppfølginga. Historie har til dømes over halvparten av alle lektorstudentane ved UiB anten som fag 1- eller fag 2-studentar. Dette krev ei omfattande praksisoppfølging.

Ein reduksjon i praksisoppfølginga må uansett diskuterast på ein måte der det faglege innhaldet i lektorutdanninga kan vurderast samla. Vedtaket som fakultetsleiinga ved PS no har gjort, vedrører den samla studiekvaliteten i lektorutdanninga ved UiB, men utan at andre involverte fakultet er tekne med på råd. Lektorutdanninga ved UiB har eit sterkt innslag av disiplinlagleg innhald. Å ta vekk meir av den pedagogiske praksisoppfølginga kan svekkja studentane sitt blikk for heilskapen i lærargjeringa. Dette er særleg alvorleg for studentane si forståing av tilhøvet mellom det disiplinlaglege og det profesjonsfaglege innslaget både i utdanninga og jobben dei skal gjera som lektorar. Det er òg utydeleg om PS ser på løysinga som eit eingongsfenomen våren 2025, eller om det her er snakk om ei meir permanent løysing. Dette skapar uvisse for studentane og for andre involverte i lektorutdanninga.

Endeleg er det grunn til å peika på at etableringa av lektorsenteret og den nye organisasjonsmodellen knytt til lektorprogramma og PPU etter universitetsstyret sitt vedtak våren 2021 tok sikte på å tydeleggjera ansvarsliner og avgjerdsmynde i forvaltninga av lektorutdanninga. Dette var sterkt etterspurt av alle involverte fakultet. Gjennom ein framgangsmåte som i dette tilfellet kan ein stå i fare for å undergrava sjølve styringsstrukturane knytt til lektorutdanninga.

Beste helsing
Svein Ivar Angell
Visedekan for utdanning og internasjonalisering
Det humanistiske fakultet, UiB

VEDLEGG 4: Innspel frå Fakultet for naturvitskap og teknologi, 29.01.25

From: Sigrunn Eliassen <Sigrunn.Eliassen@uib.no>
Sent: Wednesday, January 29, 2025 2:19 PM
To: Aud Irene Mehammer <Aud.Mehammer@uib.no>; Bo Byrkjeland <Bo.Byrkjeland@uib.no>
Cc: Endre Otto Brunstad <Endre.Brunstad@uib.no>
Subject: RE: Orienteringssak på sirkulasjon til styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB

Hei

Så her er innspill fra oss:

I lektorprogrammet og PPU er normalordningen at studentene får 4 besøk totalt i langpraksis, ett fra pedagog og tre fra fagdidaktikere, fordelt på de to langpraksisperiodene.

Om man bør fortsette med denne ordningen, bl.a. i lys av dårligere økonomi på fakultetene, er noe som gjerne kan drøftes. Det vil imidlertid være en klar fordel om drøftingen skjer før det gjøres endringer, da den nåværende ordningen forutsetter at alle bidrar og at endringer i ordningen kan påvirke studiekvaliteten på alle lektorprogrammene.

Dropping av pedagogbesøk V25 vil også medføre at lektorstudenter på kull21 vil oppleve å få ulik oppfølging i praksis, noen får fire besøk, inkludert pedagog, andre får tre, noe som er uheldig.

Hilsen

Sigrunn

Sak 6/25

Rekruttering

Notat fra Lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 6. mars 2025

elements: 25/69

Rekrutteringsarbeid i 2024/25

5-årig lektorutdanning

Rekrutteringsarbeidet i den 5-årige lektorutdanningen blir i all hovedsak gjennomført av studentambassadøren i teamet med andre studentambassadører på Kommunikasjonsavdelingen (KA).

Studentambassadørstillingen for lektorutdanningen er siden januar 2024 etablert som en fast stilling. Stillingen er knyttet til lektorsenteret, men den ansatte får aktuell opplæring i de kommunikasjonsfaglige sidene ved jobben ved KA og inngår i et team med andre studentambassadører. Formålet med stillingen er å fremme lektorutdanningen gjennom bl.a. disse arbeidsoppgavene:

- Planlegge og produsere innhold til sosiale medier som Instagram, Snapchat og TikTok
- Ta foto og video til bruk i sosiale medier og/eller nettsider
- Representere lektorutdanningen i ulike settinger, som skolebesøk, Universitetsturneen, andre arrangement og andre formidlingsoppgaver
- Andre arbeidsoppgaver, som møtevirksomhet, videoinnspillinger og kampanjearbeid

Ny studentambassadør, Karen Bauge, startet i september 2024. Hun er masterstudent på siste året ved lektorprogrammet i nordisk. Maren Bjotveit er sosiale medier-ansvarlig på UiB og leder KA sitt studentambassadør-team.

Maren og Karen orienterer om årets rekrutteringsarbeid.

PPU

En kartlegging fra 2023/24 visere at dagens PPU-student i all hovedsak er studenter med master fra UiB i alderen 23-30 år, og at de fleste starter på PPU rett etter fullført mastergrad.

Rekrutteringsarbeidet for PPU er derfor også mest lokalt rettet.

Det lokale rekrutteringsarbeidet innebærer å delta på karrieredagene ved både SV og NT og å holde informasjonsmøte for nåværende studenter ved UiB. Tidligere var disse møtene kun tiltenkt masterstudenter, men i fjor ble også bachelor-studenter invitert, siden flere vurderer framtidig PPU mens de er på bachelor-nivå. I fjor ble også promoteringen av informasjonsmøte om PPU trappet opp og det møtte flere studenter til møtet.

Etter at opptakskravene er blitt (midlertidig) endret, og inkluderer opptak for studenter med bachelor og arbeidserfaring fra skole, må man også tenke nytt vedr. rekrutteringsarbeidet. Lektorsenteret og PF planlegger dialog med KA vedr. årets rekruttering.

Nasjonalt prosjekt for lærerrekuttering

[Nasjonalt prosjekt for lærerrekuttering](#) er finansiert av Kunnskapsdepartementet og har som mål at flere søker lærerutdanning og starter i yrket, samt at det blir et større mangfold blant lærere i barnehage og skole.

Lektorsenteret har hatt dialog med ledere for prosjektet, Ingvild Brekke Myhre ved HVL, og invitert henne til et møte for å diskutere lektorutdanningen sin plass i prosjektet, den 19. februar.

Per i dag har prosjektet hatt størst fokus på barnehage- og grunnskolelærerutdanningen (BLU og GLU) og lektorsenteret ved UiB har etterspurt satsing også på lektorutdanningen.

I møte den 20. februar vil Ingvild Brekke Myhre fortelle om hva prosjektet jobber med, både av kommunikasjons- og markeditiltak og hun ønsker å høre om hva UiB gjør på rekrutteringssiden og om ideer som vi kan trenge drøhjelp fra nasjonalt hald til å få gjort. Representanter fra Kommunikasjonsavdelingen ved UiB vil også delta på møtet.

Noen av rekrutteringsfilmene og annonsene, som prosjektet har stått for:

- [Bli lærer – Inspirer og gjør en forskjell for fremtiden!](#)
- [Derfor trives de som lærere: – Vi former framtiden hver dag](#)